



Ekstrabuss til bortekampen.

Rosendal sikra seg i går eit godt utgangspunkt for å nå opprykk til 5.divisjon då dei vann første kvalifiseringskampen mot Nordre Holsnøy. Sjølv om Rosendal vann, er likevel kampen om opprykk heilt open. Derfor vert det svært spennande i bortekampen på Holsnøy komande laurdag. RTL har derfor sett opp ekstrabuss.

Bussen har 50 seter, og det er plass til 30 personar i tillegg til spelarane. Her gjeld det å vera raskt ute og sikra seg ein plass. Bussen går frå Rosendal samfunnshus kl. 09.45 førstkommande laurdag og kostar 250,- kroner. All påmelding går via Arvid Nes. Derfor må ein ta kontakt med han på tlf. 48 22 80 26 om ein vil vera med.

Opprykk er viktig for laget. Særleg med tanke på utviklinga av dei mange talentfulle unggutane. Derfor er det flott om mange publikummarar stiller på Holsnøy på laurdag. Det er så jamnt mellom desse to laga at publikumsstøtta til slutt kan verta avgjerande.

God tur, og lukke til!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland